

Fra: Nils Kaalaas <nils.kaalaas@alver.kommune.no>

Sendt: 29.03.2022 13:45:50

Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Emne: VS: Søknad om deponering av betongmassar.

Fra: Nils Kaalaas

Sendt: torsdag 11. mars 2021 13:08

Til: Nils Markus Bakke <nils.markus.bakke@alver.kommune.no>

Emne: Søknad om deponering av betongmassar.

Svar på munnleg søknad om å kunna ta i mot 6000 tonn rivningsbetong til eigedomen din gnr 103 bnr 2 i Alver kommune.

Eigedomen.

Eigedomen har eit jordbruksareal på 26 dekar og eit produktivt skogareal 189 dekar.

Alver kommune har gjeve løyve til eit område for bakkeplanering på eigedomen på austsida av Fv 57 og det går inn ein enkel skogsveg derifrå

Massane skal nyttast til forsterking av skogsvegen og til prosjektet for bakkeplanering.

Vedtaksmynde:

Kommunen har mynde til å tillata bakkeplanering for å gjera areal betre eigna for maskinell drift.

“Vurdering:

Då skogsvegen er eit fellesprosjekt er det eit vilkår at interesentane i vegen vert varsla.

Etter forurensningsloven §32 skal næringsavfall i utgangspunktet leverast til lovleg avfallsanlegg . Det vert likevel opna for at avfall kan nyttast og gjennvinnast på ein nyttig måte då dette og kan vera ein resurs.

Dett inneber at betongavfall kan erstatta pukk i samband med bygge og anleggstiltak som etablering av vegar, parkeringsplassar, støyvollar og reablitering av terreng etter gravearbeid.

Betongmassane må vera eigna til føremålet og mengda må stå i forhold til trong for massar. Den som tek i mot massane må sørge for at bruken ikkje er i strid med forureining s forbodet.

Det må sikrast at massane ikkje inneheld tungmetall, PCB eller andre miljøskadelege stoff. Såleis for å kunna nytta betongavfall som kjem frå byggverk må ein kunna dokumentera at massane ikkje inneheld skadelege stoff.

Kva dokumentasjon må ligga føre:

- Kva eigedom kjem avfallet frå
- Kven har utført prøvetaking
- Dato for kartlegging
- Byggeår og årstal for vesentlege endringar om det er kjend.
- Beskrivelse av prøvetaking av eventuelle sement baserte fuger, avrettingsmassar og murpuss.
- Beskrivelse av prøvetaking av betong.
- Resultat av analyser av materialerprøvar.
- Kva mengder betong som er brukt frå det enkelte rivningsprosjekt.
- Kvar og korleis betongen er brukt.

Vedtak

Når dei punkt som kjem fram i vurderinga vert fylgde, så gjev Alver kommune eigar av gnr 103 bnr 2
løyve til å ta i mot inntil 6000 tonn med betongavfall.
Ein gjer merksam på at dette løyve berre gjeld for massar som vert nytta på eigen eigedom.

Md helsing
Nils Kaalaas